

Vedlegg 1 Utdanning av helsepersonell – dimensjonering

GRUNNUTDANNING omfattar studium ved vidaregåande skular, høgskular og universitet der elevane/lærlingane/studentane har helseføretaka som praksisarena. Fylkeskommunane har ansvar for dei vidaregåande skulane og for å sikre den retten kvar enkelt har til slik utdanning. I dei fleste fylke er det eit opplæringskontor som i samarbeid med praksisarenaene skal sikre læreplassar i dei yrkesfaglege utdanningane.

VIDAREUTDANNING omfattar legespesialistutdanninga og studium ved fagskular, høgskular og universitet der studentane har helseføretaka som praksisarena (og arbeidsplass). Høgskular som tilbyr vidareutdanning, skal i forkant inngå avtalar med helseføretak om praksisplassar. Ev. usemje skal ein prøve å løyse i samarbeidsorganet.

Kunnskapsdepartementet har tidlegare fastsett årlege aktivitetskrav for enkelte studium ved utdanningsinstitusjonane. For 2014 endrar departementet styringa av dimensjonering for enkelte utdanningar frå aktivitetskrav til kandidatmåltal. Nedanfor følgjer Kunnskapsdepartementet sitt forslag til kandidatmåltal for 2014. Vi presiserer at kandidatmåltalet for kvar enkelt institusjon berre er eit minstekrav. Endelege tal står i KDs tildelingsbrev/tilskotsbrev for 2014 til utdanningsinstitusjonane og kan formidlast frå institusjonane i dei regionale samarbeidsorgana.

Helse-region	Høgskule Universitet	Obligatorisk praksis			Ikkje obligatorisk praksis			ABIOK- sjukepleie	Jordmor
		Sjuke- pleie	Radio- grafi	Bio- ingeniør	Fysio- terapi	Ergo- terapi	Verne- pleie		
Helse Sør-Øst	Gjøvik	166	20					20	
	Hedmark	164						23	
	Lillehammer						57		
	Oslo/Akershus	492	34	50	134	51	141	120	34
	Østfold	109		22			61	20	
	Diakonova	83						28	
	Lovisenberg diak.	151						48	
	Diakonhjemmet	118				24	97		
	Univ. i Agder	203		21			35	25	
	Telemark	103					45		
	Vestfold og Buskerud	233	20					51	20
Helse Vest	Bergen Høgskole	172	25	23	57	29	71	41	32
	Sogn og Fjordane	110					21	20	
	Univ. i Stavanger	163						34	
	Stord/Haugesund	145						20	
	Betanien Diakonale	60						22	
	Haraldsplass diakonale høgskole	70							
Helse Midt- Norge	Molde	79					38		
	Nord-Trøndelag	169					30		
	Sør-Trøndelag	180	31	49	52	57	70	83	25
	Ålesund	104		24				31	
Helse Nord	Universitetet i Nordland	139						26	
	Finnmark	0							
	Harstad	62					64		
	Nesna	20							
	Narvik	33							
	Univ. i Tromsø	166	24	20	25	20		52	20
		3 493	153	209	268	180	734	664	131

Audiografutdanninga ved Høgskolen i Sør-Trøndelag har kandidatmåltal 29.

Følgjande kandidatmåltal er fastsette for høvesvis medisin, psykologi og farmasi ved universiteta:

Universitet	Medisin	Psykologi prof. utd.	Farmasi
Universitetet i Oslo	192	96	55
Universitetet i Bergen	156	72	25
NTNU	114	55	
Universitetet i Tromsø	84	23	25

TURNUSTENESTE er for nokre yrkesgrupper eit vilkår for å få autorisasjon.

Helsedirektoratet (SAK) fastset kor mange turnusplassar for legar og fysioterapeutar det skal leggjast til rette for, og formidlar dette i brev til kvart av RHF-a. Turnustenesta for legar vart endra med verknad frå 2013. Talet på turnusplassar for legar blir vidareført i 2014. Talet på turnusplassar for fysioterapeutar blir vidareført i tråd med auken i 2013.

FORDELING AV NYE LEGESTILLINGAR

Sentral fordeling av nye legestillingar vart slutt 1. juli 2013. Helseregionane har framleis ansvar for å sørge for at det blir oppretta legestillingar i tråd med behova, i samsvar med den helsepolitiske styringsbodskapen og dei økonomiske rammene som er stilte til disposisjon. Gode lokale, regionale og nasjonale analysar av kompetansebehov framover skal leggjast til grunn for RHF-a si fordeling av legar til HF-a og fordeling mellom spesialitetar. RHF-a skal særleg vurdere behovet for legestillingar til spesialitetar der utdanningskapasiteten i dag blir rekna for å vere for låg, og spesialitetar der behovet for legespesialistar kjem til å endre seg i åra framover som følgje av befolkningsutvikling, sjukdomsutvikling og organisatoriske endringar i helseføretaka. Stillingar i onkologi og patologi skal framleis prioriterast.

RHF-a skal bidra til at Legestillingsregisteret i Helsedirektoratet til kvar tid er oppdatert.